




Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Landbruket
- på lag med naturen

Regionalt miljøprogram for Møre og Romsdal 2019 – 2022

**Vedlegg 1 Rammer og satsar for Regionalt
miljøprogram**



Innhald

Miljøtema Kulturlandskap	3
Aktivetsområde : Regionalt prioriterte kulturlandskap	3
Slått av verdifulle jordbrukslandskap	3
Aktivetsområde : Oppretthalde kulturlandskapet	3
Slått av bratt areal	3
Drift av beitelag	3
Miljøtema Biologisk mangfald	4
Aktivetsområde : Utvalde naturtypar	4
Slått av slåttemark	4
Aktivetsområde : Prioriterte naturverdiar	4
Beiting av kystlynghei	4
Tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fuglar	4
Miljøtema Kulturminne og kulturmiljø	5
Aktivetsområde : Sættring	5
Drift av seter	5
Aktivetsområde : Automatisk freda kulturminne	5
Skjøtsel av enkeltståande automatisk freda kulturminne	5
Miljøtema Avrenning til vassdrag og kyst	6
Aktivetsområde : Avrenning, prioriterte/ andre område	6
Ingen jordarbeiding om hausten	6
Grasdekt kantsone i åker	6
Aktivetsområde : Avrenning, prioriterte/ andre område	6
Vedlikehald av fangdammar	6
Miljøtema Utslepp til luft	7
Aktivetsområde : Miljøvennleg spreining av husdyrgjødsel	7
Nedfelling eller nedlegging av husdyrgjødsel	7
Spreining av husdyrgjødsel om våren og/eller i vekstsesongen	7
Spreining av husdyrgjødsel med tilførselsslange	7

Alle satsar er førebelse, og kan bli justerte før utbetaling, etter budsjett og omfanget i søknader.

Miljøtema Kulturlandskap

Aktivitetsområde : Regionalt prioriterte kulturlandskap

Slått av verdifulle jordbrukslandskap

Føremålet med tilskotet er å stimulere til å halde verdifulle jordbruksområde i hevd og hindre attgroing. Tilskotet kan bli gitt til slått av fulldyrka eller overflatedyrka areal som blir drive aktivt i dag. Det kan bli gitt tilskot til areal som ligg innanfor desse sonene, og som er godkjent for areal- og kulturlandskapstilskot i produksjonstilskot. Arealet skal haustast ved slått og eventuelt beiting. Det er eit vilkår at det blir tatt minst ei årleg avling ved slått.

Fulldyrka og overflatedyrka areal innanfor definerte soner, dekar	Kr 125
---	---------------

Forventa årleg ramme for Møre og Romsdal	Kr 1 800 000
--	--------------

Referanse – «Soner for regionalt utvalde kulturlandskap», sjå vedlegg 2

Forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket §6

Aktivitetsområde : Oppretthalde kulturlandskapet

Slått av bratt areal

Føremålet med tilskotet er å stimulere til drift av bratte areal, for å halde areala i hevd og ivareta eit ope kulturlandskap. Tilskotet kan gjevast til overflatedyrka eller fulldyrka areal der det blir hausta gras ved slått, korn eller andre vekstar. Tilskotet kan òg bli gitt til drift av frukthagar i bratt terreng. Grasareal må haustast ved slått, men kan gjerne beitast i tillegg. Tilskot kan gjevast til areal med halling 1:5 eller meir. Satsen er lik for areal med halling 1:3 og 1:5

Slått av bratt areal, dekar	Kr 160
-----------------------------	---------------

Forventa årleg ramme for Møre og Romsdal	Kr 4 000 000
--	--------------

Forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket §4

Drift av beitelag

Føremålet med tiltaket er å stimulere til samarbeid om beiting med sikte på god utnytting av beiteressursane i utmarka og effektivt tilsyn med minst mogleg tap av dyr. Rapportering av aktivitet rundt beiting gir dessutan verdifull informasjon om næringa og utfordringar knytt til tap og sjukdom

1. Husdyrhaldet som er omfatta av beitelaget si verksemd, må drivast i samsvar med lover og forskrifter som gjeld for husdyrhald
2. Beitelaget og medlemmane i laget må vere registrert i Einingsregisteret
3. Laget skal vere ope for alle brukarar som har tilgang til utmarksbeite i eit område der samarbeid kan fremje bruken av beiteområda
4. Laget skal bruke alle tilskot til laget til å fremje den organiserte beitebruken i området gjennom felles tiltak. Tilskotet kan ikkje betalast direkte ut til medlemmane i beitelaget
5. Laget skal organisere effektivt og forsvarleg tilsyn og sanking av egne og andre sine dyr i laget sitt område, tilpassa lokale forhold. Dyr på beiteområdet skal ha tilsyn minst ein gong pr veke, i samsvar med «Forskrift om velferd for småfe»
6. Laget skal samarbeide med tilgrensande lag når det kan effektivisere ressursbruk og utnytting av beita. Dette gjeld særleg sanking og ettersanking.
7. Laget skal notere på fastsett skjema opplysningar om gjennomført tilsyn (dato, tilsynsrunde, unormale tilhøve i beiteområdet og tiltak som er sette i verk). Norsk Sau

og Geit har utarbeidd skjema og notisbøker til dette føremålet. Fylkesmannen i Møre og Romsdal og kommunen kan be om å få lagt fram denne dokumentasjonen.

8. Laget skal sende årsrapport på fastsett skjema til kommunen

Merk at søknadsfristen for dette tiltaket ikkje er den same som for andre tiltak i RMP

Tilskotet blir utmålt per dyr slept på utmarksbeite

Sau, lam, ammegeit og kje	Kr 11
Storfe og hest	Kr 20
Forventa årleg ramme for Møre og Romsdal	Kr 1 000 000
Forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket §5	

Miljøtema Biologisk mangfald

Aktivitetsområde : Utvalde naturtypar

Slått av slåttemark

Føremålet med tilskotet er å stimulere til slått av den utvalde naturtypen slåttemark. Det kan bli gitt tilskot til areal som er kartlagt og definert som utvald naturtype slåttemark i Naturbase (svært viktig /viktig /lokal verdi). Tiltaket skal gjennomførast slik at eigenart og artsmangfald blir teke vare på eller forbedra. Arbeidet skal gjerast i samsvar med skjøtselsråd gitt av fylkesmannen.

Fulldyrka og overflatedyrka areal innanfor definerte soner	Kr 125
Forventa årleg ramme for Møre og Romsdal	Kr 250 000
Forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket §7	

Aktivitetsområde : Prioriterte naturverdiar

Beiting av kystlynghei

Føremålet med tiltaket er å stimulere til tradisjonell skjøtsel av område med kystlynghei gjennom sauehald, der dyra tek opp ein vesentleg del av næringstrongen frå beite. Tilskotet er rekna ut etter tal dyr, med krav om minimum 10 daa kystlynghei pr sau over 1 år.

Tilskot , pr. sau over 1 år	Kr 150
Forventa årleg ramme for Møre og Romsdal	Kr 500 000
Forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket §8	

Tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fuglar

Føremålet med tilskotet er å ta vare på fuglar som er avhengige av å hekke og beite i tilknytning til jordbruksareal. Tilskotet kan også bli gitt for å tilpasse drifta for å ta vare på fuglane. Tilskott kan gjevast der areal vert sett av for å verne reirplassen til truga fugleartar (åkerrikse, vipe, storspove og grashoppesangar), som hekkar på innmark. Arealet må kartfestast. Fuglearten, hekkeplassen, storleiken og forma arealet skal vere registrert og godkjent av Miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen for det aktuelle året - så tidleg i sesongen som råd. Det skal gjerast avtale med Miljøvernavdelinga om tiltaket i kvart enkelt tilfelle. Arealet kan ikkje haustast før 1. august.

Tilrettelegging av fuglebiotopar (hekkeplass) eining dekar	Kr 2000
Forventa årleg ramme for Møre og Romsdal	Kr 50 000
Forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket §9	

Miljøtema Kulturminne og kulturmiljø

Aktivitetssområde : Sættring

Drift av seter

Føremålet med tilskotet er å stimulere til mjølkeproduksjon på historiske eller veletablerte seteranlegg. Seterdrift med beitedyr bidrar til å halde areala opne, er gunstige for biologisk mangfald, og er viktig for formidling av tradisjon og kulturarv.

Føremålet vil gjelde både dei sidene av seterkulturen som er knytt til bygningar, til foredling av mjølka og til stell av landskapet ved beiting og slått.

Føretak som har kyr eller geiter fordelt på to eller fleire settrar, kan berre få eitt setertilskot.

Derimot kan føretak som har kyr på ei seter og geit på ei anna, få tilskot for to settrar. Tilskot kan gjevast til føretak som har heile eller deler av mjølkeproduksjonen på seter i minst 6 veker i sommarhalvåret. Dyra skal mjølkast på setra.

Tilskotet vert utmålt pr. seter, uavhengig av om det er enkelt- eller fellesseter. Tilskotet til levering til meieri blir fordelt mellom føretaka som er med i fellessetra, ved at føretaket melder inn talet på deltakarar i søknaden. Tilskotet til foredling blir delt mellom dei som faktisk deltek i foredling på sætra. Samdrift er å rekne som eitt føretak.

Deltek på setra og har levering til meieri - sats pr. seter	Kr 50 000
---	------------------

Deltek på setra og i eigen foredling – sats pr seter	Kr 70 000
--	------------------

Forventa årleg ramme for Møre og Romsdal	Kr 2 000 000
--	--------------

Forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket §10	
--	--

Aktivitetssområde : Automatisk freda kulturminne

Skjøtsel av enkeltstående automatisk freda kulturminne

Føremålet er å synleggjere automatisk freda kulturminne som ein viktig ressurs for identitet, kunnskap og oppleving. Tilskotet kan gjevast til gravminne som er synlege på overflata, som ligg på eller grensar til jordbruksareal og som ikkje er sterkt skada eller øydelagde.

Tiltaket må gjere at gravminnet blir halde synleg. Aktuelle skjøtselstiltak er manuell slått eller beiting. Det skal ikkje brukast maskiner som kan skade kulturminnet.

Det er òg ein føresetnad at gravminna er registrerte i minst eitt av følgjande offentlege register:

- Riksantikvaren sin database «Askeladden»
- Økonomisk kartverk
- Møre og Romsdal fylkeskommune sitt arkeologiske arkiv

Det kan bli gitt tilskot til inntil 20 gravminne per føretak.

Skjøtsel av gravminne på innmark (for kvart gravminne)...	Kr 1000
---	----------------

Forventa årleg ramme for Møre og Romsdal	Kr 500 000
--	------------

Referanse – sjå skjøtselsråd, Forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket §11

Med «innmark» er her å rekne jordbruksareal med slik definisjon i AR5.

Miljøtema Avrenning til vassdrag og kyst

Aktivitetssområde : Avrenning, prioriterte/ andre område

Formålet med tiltaka er å redusere avrenning av næringsstoff og partiklar til vassdrag og kyst. Det er berre bruk som ligg innanfor områda omtala under «Avrenning til vassdrag og kyst» og «Område som er spesielt utsett for erosjon og partikkeltap» i miljøprogrammet, som kan få tilskot til desse tiltaka.

Ingen jordarbeiding om hausten

Føremålet med tilskotet er å stimulere til at åkerarealet ikkje blir pløgd eller harva på hausten, slik at erosjon og avrenning blir redusert. Tilskot kan gjevast til areal der det blir dyrka korn. Tiltaket gjeld berre areal med tilskotsberettiga kultur i Surnadal, Sunndal og Rauma, innanfor områda som er omtala under «Avrenning til vassdrag og kyst» og «Område som er spesielt utsett for erosjon og partikkeltap» i miljøprogrammet.

Satsar pr. dekar	Kr 100
Forventa årleg ramme for Møre og Romsdal	Kr 500 000
Forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket §12	

Grasdekt kantsone i åker

Føremålet med tilskotet er å stimulere til at grasdekte soner langs kanten mot vassdrag, slik at erosjon og avrenning blir redusert.

Tiltaket gjeld for areal der det blir dyrka korn, poteter eller grønsaker. Tiltaket gjeld berre areal med tilskotsberettiga kulturar i Smøla, Surnadal, Sunndal og Rauma, innanfor områda som er omtala under «Avrenning til vassdrag og kyst» og «Område som er spesielt utsett for erosjon og partikkeltap» i miljøprogrammet. Sona det kan gjevast tilskot for, skal ha ei breidde på minimum åtte meter, rekna frå vassdraget ved normalvasstand, der minst seks meter ligg på fulldyrka areal. Vekstane skal vere godt etablerte om hausten i søknadsåret. Areala skal ikkje gjødslast eller sprøytast, og skal haustast, beitast eller beitepussast kvart år. Ved fornying av plantedekket skal jordarbeiding og såing skje mellom 1. mars og 1. juli.

Satsar pr. meter	Kr 100
Forventa årleg ramme for Møre og Romsdal	Kr 500 000
Forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket §13	

Aktivitetssområde : Avrenning, prioriterte/ andre område

Vedlikehald av fangdammar

Føremålet med tilskotet er å stimulere til vedlikehald av fangdammar og skjøtsel av vegetasjonen rundt, slik at fangdammen fungerer effektivt. For å ha rett på tilskot må dammen tømast når den blir full av sediment – den må ha tilfredsstillande reinseeffekt.

Satsar pr. dekar fangdam	Kr 4000
Forventa årleg ramme for Møre og Romsdal	Kr 100 000
Forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket §14	

Miljøtema Utslepp til luft

Aktivitetssområde : Miljøvennleg spreining av husdyrgjødsel

Nedfelling eller nedlegging av husdyrgjødsel

Føremålet med tiltak under miljøtema Utslepp til luft er å stimulere til gjødslingsmetodar, som gir redusert utslepp av ammoniakk og lystgass. Føremålet med tilskotet er å stimulere til at husdyrgjødsel blir lagt rett ned på jorda (nedlegging).

Føretaket skal ha skiftenoteringar som viser spreiedato og faktisk spreidd mengde pr. dekar. Tilskotet kan ikkje kombinerast med tilskot til Spreiing av husdyrgjødsel om våren og/eller i vekstsesong. Søkjar må disponere arealet i vekstsesongen, jf. forskrift om produksjonstilskot.

Satsar pr. dekar	Kr 20
Forventa årleg ramme for Møre og Romsdal	Kr 1 000 000
Forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket §16	

Spreiing av husdyrgjødsel om våren og/eller i vekstsesongen

Føremålet med tilskotet er å stimulere til at husdyrgjødsel blir spreidd på mest mogleg gunstig tidspunkt. Dette er viktig for å få best mogleg opptak av næringsstoffa i avlingane, og for å redusere forureining av vatn og utslepp til luft.

Tiltaket skal kunne brukast dynamisk for å forbetre praksis i miljørett lei. All husdyrgjødsel på føretaket skal spreias om våren eller i vekstsesongen, seinast 10. august. Føretaket skal ha skiftenoteringar som viser spreiedato og faktisk spreidd mengde per dekar. Arealet skal haustast/beitast etter spreining. Tilskotet gjeld spreining på alle type godkjent spreieareal, jf. Forskrift om gjødselvarer av organisk opphav. Søkjar må disponere arealet i vekstsesongen, jf. forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket.

Tilskotet kan ikkje kombinerast med tilskot til Nedfelling / nedlegging av husdyrgjødsel.

Satsar pr. dekar	Kr 50
Forventa årleg ramme for Møre og Romsdal	Kr 6 000 000
Forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket §15	

Spreiing av husdyrgjødsel med tilførselsslange

Føremålet med tilskotet er å stimulere til bruk av tilførselsslanger for spreining av husdyrgjødsel. Tiltaket skal bidra til å redusere jordpakkinga, og til å ha stor kapasitet på gjødselspreiing i dei periodane det er agronomisk gunstig.

Dette tiltaket føreset at føretaket får tilskot til «Spreiing av husdyrgjødsel om våren eller i vekstsesong» eller «Nedfelling eller nedlegging av husdyrgjødsel».

Satsar pr. dekar	Kr 50
Forventa årleg ramme for Møre og Romsdal	Kr 2 000 000
Forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket §17	